



Lindås, Meland og Radøy byggjer Alver kommune. Etter samanslåinga 1.1.2020 blir vi ein av dei største kommunane i fylket med om lag 30.000 innbyggjarar og 2.500 tilsette. Kommunane våre ligg nord for Bergen, og har ein spennande og variert natur med alt frå lune fjordar og ope hav til høge fjellområde. Vi har verdas beste korps og eit rikt kulturliv. Regionsenteret Knarvik ligg om lag 30 minutt med bil frå Bergen sentrum, og har god kollektivdekning med både buss og båt.

*For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene våre, treng vi engasjerte og kompetente medarbeidrarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meiningsfylt og del av eit viktig samfunnsoppdrag.*

## INTERN - Fagansvarleg skulehelseteneste

### Kort om stillinga

Stillinga gjeld for Helsestasjon og jordmortenesta i Alver kommune frå 01.01.2020.

Vilkår for å søke internt utlyste stillingar: Fast tilsett i Lindås, Meland eller Radøy kommune, eller mellombels tilsett i minst 2 år.

Som fagansvarleg skal du, saman med tenesteleiar, vere med å utvikle tenesta, bidra til felles kulturbygging og legge til rette for god intern organisering. Fagansvarleg er ein del av tenesta sitt leiarteam saman med tenesteleiar, fagansvarleg for helsestasjon og fagansvarleg for jordmor. Leiarteamet har eit ansvar for å bidra til gode løysingar og til å sikre heilskapelege tenester på tvers av avdelingar, tenester og sektorar i kommunen.

### Om arbeidsstaden

Tenetseleiar for Helsestasjon- og jordmortenesta vil vere nærmeste leiar.

Kontor for fagansvarleg vert avgjort i løpet av året.

### Ansvar og arbeidsoppgåver

Ansvarsområde for fagansvarleg for skulehelseteneste:

- Skulehelsetenesta i barneskule, ungdomsskule og VGS
- Helsestasjon for ungdom

Du vil ha ansvar for:

- å levere tenester i samsvar med sentrale krav og føringar
- å sikre effektiv og forsvarlig drift av avdelinga. Saman med leiarteam har fagansvarleg ansvar for effektiv og forsvarleg drift av tenestene i heile tenestemrådet
- gjennomføre internkontrolltiltak innanfor fagområdet
- å ha oversikt over kompetansen og kompetansebehovet i avdelinga
- å gje fagleg rettleiing til tilsette i avdelinga
- å sikre gode møtepunkt og prosessar mellom avdelinga og samarbeidspartar

Tenetseleiar kan i tillegg delegera enkeltoppgåver vedrørande oppfølging av personal/økonomi/innkjøp til fagansvarleg

### Kvalifikasjonskrav

Du er sjukepleiar med vidareutdanning som helsesjukepleiar

Du har gjerne leiarerfaring/utdanning

Du har sertifikat klasse B

### Me søker ein medarbeidar som

Viser evne til å arbeide både sjølvstendig og i team

Er sjølvstendig, nytenkjande, positiv og motivert

Tar initiativ til å jobbe fram forbetringar og gode løysingar, og brukar forskningsbasert tilnærming i arbeidet

Er brukar- og serviceorientert

Har god mulleg og skriftleg framstillingsevne

Har gode generelle dataunnskapar

### Vi kan tilby

Løn etter gjeldande tariffavtale

God pensjonsordning

### Politiattest

I tråd med helsepersonellova vert det stilt krav om tilfredsstillande politiattest ved tiltrede.

**Du kan sende søknad slik**

Send søknad elektronisk via Visma rekruttering. Bruk portalen på [www.radoy.kommune.no](http://www.radoy.kommune.no) under ledige stillinger.  
Attestar og vitnemål kan du laste opp til søknaden eller du tar dei med til eit eventuelt jobbintervju.  
Ta kontakt med sørvistorget tlf 56 34 90 00 viss problem med å registrere deg som søker.

Søknadsfrist 11.06.2019

*Utlyst dato* 27.05.2019

Vårref

173

**Kontaktperson**

Kjersti Risa Marøy, [kjersti.risa.maroy@radoy.kommune.no](mailto:kjersti.risa.maroy@radoy.kommune.no)